



Møtenummer: 3/19
Møtetid: 27.5.2019 kl 0930-1430
Stad: Sogndal kommunehus
Møteleiar: Jarle Skartun
Referent: Karina Nerland

AGENDA

Faste deltakarar
Namn
Oddbjørn Ese (Vik), Arne Johansen (Lærdal), Odd Arve Rakstad (Leikanger), Jarle Skartun (Luster), Ole Gunnar Krakhellen (Sogndal), Arnvid Hovland (Høyanger - vara) og Marianne Skjeldstad Hove (nye Sogndal – vara til kl 1245)
Forfall
Kjellaug Brekkhus (Høyanger), Stig Arne Tune (Nye Sogndal kommune), Svein Arne Skuggen Hoff (Balestrand), Olve Fossedal (Årdal), Steinar Søggaard (Aurland)
Andre
Karina Nerland, dagleg leiar Sak 11 Anne Kverneland Bogsnes, direktør og Bjarte Hysing-Olsen, assisterande direktør NAV Vestland Jan Geir Solheim (ordførar Lærdal), Olav Turvoll (ordførar Vik), Jon Håkon Odd (ordførar Leikanger), Ivar Kvalen (ordførar Luster), Aleksander Øren Heen (formannskapsmedlem Årdal), Rigmor Svanberg (kommunalsjef Årdal).

Nr	Sakliste	
1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2	Referat frå siste møte, 02.04.2019. Møte i Sogn Regionråd, 24.04. - Ingen kommentarar eller spørsmål.	
3	Alarmsentralen. Kommunane har fått tilsendt dokument frå styreleiar Øyvind Bang-Olsen. Kommunane er bedne om å handsama ny selskapsavtale og deltaking i responscenter for velferdsteknologi før sommaren. Representantskapen har gjort vedtak. Forslag til saksframlegg er sendt ut. Fordelingsnøkkel er 10% fast og 90% etter folketal. <i>Konklusjon: Politisk handsaming i Sognekommunane før eller etter sommarferien. Ingen spesielle alternative vurderingar kom fram i drøftinga.</i>	Alle
4	Arbeidsgjevarkontrollen Årdal har slutta seg til Lærdalsalternativet. Lærdal ønskjer å kome i gang frå 2020. Nye Sogndal kommune (NSK) har overtalligheit og ønskjer å ha høve til å bruke ressursar frå Sogndal inn i tenesta. Vidare ønskjer dei kortare oppseingstid, god kvalitet på tenesta og evaluering etter ei tid. Høyanger vart oppmoda om å vurdere Lærdalsmodellen. Lærdal meiner	

	<p>overtallige er mogleg å rekruttera inn. NSK har ikkje landa ressursfordelinga.</p> <p><i>Konklusjon: Lærdal førebur oppsummerande sak til neste møte i rådmannsgruppa med oppstart 01.01.20. NSK avklarar og Høyanger vurderar å delta.</i></p>	Arne, Stig Arne og Kjellaug
5	<p>Dei interkommunale avtalane.</p> <p>Jf oppspel frå NSK og drøftingar 13.05. Referat ligg føre og dei interkommunale avtalane er sendt ut. Regien ligg til NSK på dei fleste avtalane. Det er føresett noko avklaringar, intensjonar og føringar for vidare arbeid før sommarferien. Det kan vera avtaler som fleire ønskjer å vera med på (kulturskule, barnevernsvakt, PPT). Fordelingsnøkkel blir tema. Administrative kostnader har variert. Forventning i fellesnemnda om gevinstrealisering, samstundes vera rause. NSK kan i større grad ta tenestene sjølve, men kan gå i samarbeid med andre kommunar. Mogleg å bygge fellesstruktur med eit kontor / felles leiging og to lokasjonar.</p> <p><i>Konklusjon: Arbeidet bør strukturast med utfordringsnotat på ordningar der det er avdekkja behov for nærare drøftingar. Jarle og Sig Arne ser på opplegg og tidslinja for vidare arbeid..</i></p>	Jarle og Stig Arne
6	<p>Innkjøpssamarbeidet.</p> <p>Orientering om arbeidsgruppe på fylkesnivå. Det kom innspel om ein mulig trenivå-modell: Kvar kommune må bygge opp betre kompetanse i eigen organisasjon som kan gje råd til andre i kommunen, etablera eit regionalt innkjøpsnettverk og ved behov nytte Flora kommune sin kompetanse. Tiltak kan vera å etablera eit innkjøpsråd i kvar kommune. Mogleg å knyte seg til Flora og byggje kompetanse over tid i Sogn. Aktuelt tiltak kan vera å frikjøpe t.d. 20 % regional innkjøpsressurs som leiar av nettverket.</p> <p><i>Konklusjon: Det er utsendt eit skjema, frå KS Sogn og Fjordane, for tilbakemelding på kommunale behov som kvar kommune bør fylla ut. Arnvid og Jarle deltek i arbeidsgruppa på fylkesnivå.</i></p> <p><i>Rådmennene drøftar i sin kommune trenivåmodellen og korleis styrke innkjøpssamarbeidet. Saka kjem opp att i neste møte, ev i eigen dialog.</i></p>	Arnvid og Jarle Alle
7	<p>Den solidariske forsikringsordninga.</p> <p>Forsikringsordninga inneber at kommunen dekker eigendel på 50 000 og fordeler resterande sum (inntil kr 200 000) mellom kommunane etter gjeldande fordelingsnøkkel. Info og fordelingsnøkkel ligg på nettsida til regionrådet.</p> <p><i>Konklusjon: Felles oppfatning, mellom møtedeltakarane, at ordninga skal praktiserast slik.</i></p>	Alle
8	<p>Status for dei ulike tilskotssøknadane, «fellesfinansieringstiltaka», den kommunale handsaminga og framdrifta i prosjekta:</p> <p>-Ultral lyd Lærdal - Helse Førde går inn med restfinansieringa. Utstyret vil kome seinare i 2019.</p>	

	<p>-Hangar Sogndal lufthamn. Gjennomført ein anbodskonkurranse, tilleggsfinansiering frå Sogndal, nærmar seg oppstart</p> <p>-Vitensenteret – informasjon om status i kommunane, motsegnvarsel på plan, finn si løysing ?</p> <p>-Njøs næringsutvikling – informasjon om status i kommunane</p> <p>-Sjøredningsbase - kontakta av sjøredningskorpset i høve vilkår om å inngå avtale om beredskap på fjorden. Frivillig bemanna korps og derfor noko avgrensingar i beredskapen, jf brev frå Redningsselskapet. <i>Bør ha eit møte med dei og få til ein intensjonsavtale.</i></p> <p>-Sogn som arbeidsplassregion offentlege arbeidsplassar - på sikt kan vi stå i fare for miste arbeidsplassar, stor aktivitet i høve svv</p>	Ole Gunnar og Jarle
9	<p>Rekruttering og val;</p> <p>-programleiar, «System for styrka læring», forlenga utlysing til 2. juni.</p> <p>-samarbeid om kommunepsykologar – dårleg med søkarar, får stadfesta at rekruttering er krevjande, fått fornyingsmidlar kr 250 000 til den regionale koordinatorfunksjonen.</p> <p>-ny nestleiar: Arne vert valt som nestleiar.</p>	Karina
10	<p>«Sogn for alle»</p> <p>Integrering, busetjing og sysselsetjing, innvandrarar og flykningar. Formålet er å få fleire innvandrarar til å bli buande i Sogn gjennom sysselsetjing, fellesskap, tilhørigheit og gode buforhold. Kunnskapsparken arbeider med prosjektplanen. <i>Prosjektplanen går til rådmennene når den er ferdig. Blir handsama i rådet i junimøtet.</i></p>	Karina
11	<p>NAV-regionalisering. (kl.13.00-14.30)</p> <p>Bakgrunnen for møte er utviklingsarbeidet og spesielt fråsegra frå Sogn regionråd om at Sogn kjem dårleg ut i ny budsjettfordelingsmodell og at regionrådet er uroa for dårlegare tenester.</p> <p>Når det gjeld utviklingsarbeidet så har arbeidet drege ut då det ikkje lukkast å rekruttere prosjektleiar via intern utlysing. Stillinga vert no lyst ut eksternt og ein vil kome tilbake når prosjektleiar er på plass.</p> <p>Ad budsjetteringsmodell så er det ein krevjande situasjon der region Sogn ikkje får lønsmidlar til alle stillingane sjølv om det er gitt ein god del ekstra utover modellen som er vedteken. <i>Det vert vist til eige referat frå fellesmøte.</i></p>	
12	<p>Referatsaker;</p> <p>-Sekretariatsfunksjon kontrollutval /SEKOM - Status i kommunane, deltaking i SEKOM kan vere aktuelt når noverande avtalar går ut/det kan variere når i kommunane.</p> <p>-Klimasatsing i Sognekommunane – fleire anbefalingar m.a. meir kompetanse om klimatilpassing i planleggjarnettverket. Rapport kjem til drøfting.</p> <p>-Desentralisert sjukepleiarutdanning – rådmannsgruppa er</p>	

	positive til eit tilbod etter Nordfjord-modellen, det bør takast initiativ. -Næringsvenleg region – avventar initiativ frå Lærdal og NSK.	
13	Restansar..... -Samarbeid om førebyggjande helse, -Dialysetilbodet i Sogn – innspel om reetablering av tilbod i Sogndal.	
14	Ev, neste møte 27.08, ev besøke Jostein på Beito ??	Jarle